



Dette er 12 av dei 15 som no møter fast på øvingane fotografert under øvinga på jubileumsdagen.. Foran frå venstre sit Ståle Eik, Thor Inge Døssland, Håvard S. Eik, Bjørgulv Eik og Leif Matre. Bak står, frå venstre, Gunvald Friheim, Svein A. Sunde, Albert Ove Nybakk, Audun Eik, Lars Myklebust, Knut Stensletten og Randi Nybakk. Fråverande var Einar Gjertsen, Kari Tveito og Monica Storevik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag 1. mars er det 75 år sidan Uskedal musikklag vart skipa. Derfor er det ekstra kjekt at det igjen tonar musikk frå instrumenta i korpset. Kvar tysdagskveld den siste månaden har ein trufast gjeng møttest til øving og skulebygningen har vore fylt med tradisjonsrik korpsmusikk.



Det starta med desse 14. Frå venstre sit Alfred Sunde, Hjalmar Ljosnes, Håkon hansen, Johan Klette, Fridtjof Kjosås og Mikal Rød. Frå venstre står Johannes haugland, Wilhelm Bjelland, Edvard Myklebust, Erik Myklebust, Sigurd Wang, Sverre Myklebust, Knut Eide og Finn Myklebust. (Foto i 50-årsskriftet)

Uskedal musikklag har ei innhaldsrik lagshistorie, og svært mange har fått si musikkopplæring gjennom korpset. Gjennom åra har og mange andre hatt stor glede av musikken dei har presentert. Det starta på denne dagen med at instrument vart kjøpt for 400 kroner på Halsnøy og transportert til Uskedalen med hest, båt og lastebil. Musikklaget vart skipa som særslag under ungdomslaget.

17.-mai er ikkje på langt nær det same utan korpsmusikk, og musikklaget har ikkje berre vore til glede i eiga bygd på grunnlovsdagen. I svært mange av nabobygdene har korpset sett ein ekstra spiss på feiringa. Grunnlovsdagen har til tider vore særst travelt for korpsmusikantane i Uskedal musikklag. Ei stor og spesiell hending var nok og spelningane ved freden i 1945. Då spela musikklaget både 7. og 8.mai.

Lista over stemne korpset har delteke på er særst lang, og korpset markerte seg alltid på ein positiv måte. På siste halvdel av 80-talet og i byrjinga av 1990-talet deltok korpset aktivt i konkurransar. Høgdepunktet i den samanhengen var nok siger og 2.plass i Hordaamatøren. i 1988 og 1987.

Medlemstalet har naturleg nok svinga, men musikklaget har gjennom store deler av lagshistoria vore kjent som eit stort og godt korps. På 1970-talet var medlemstalet rundt 45 medan det var 14 musikarar på første øvinga i 1936. I dag er talet på dei som møter fast på øving også rundt det same..

Gjennom åra har korpset hatt mange dugande dirigentar. Det er naturleg å nemna Sigurd Wang og Bård Ljosnes spesielt. Begge har hatt lang fartstid i musikklaget, begge var dei oppfostra i laget og begge var langt meir enn ein dirigent. Dei hadde ulike tillitsverv, og begge la ned ein stor innsats i lagsdrifta i tillegg til å ha den musikalske leiinga. Loddsalg, instrumentreparasjonar, kasserar-og formannsverv saman med mykje anna var naturlege oppgåver for dei begge. Dei la ned ein enorm innsats for korpset gjennom ei årrekke.


I tillegg har korpset hatt ei rekkje medlemmer som gjennom lang fartstid har lagt ned ein stor innsats. Julegrantenninga i bygda har vore svært viktig for laget. Sjølv dei seinare åra med liten aktivitet, har den ført til at musikarar kvart år i førjulstida har samlast for å øve på julesangar. Det har vore ein form for lim som har halde laget saman. Tradisjonen med julefestspelning i Vonheim har og vore viktig i så måte.

Veldig viktig er det at Bjørgulv Eik og Knut Stensletten i år tok initiativ til at ein skulle prøva å fortsetja øvingane etter at julefeiringa var over. Dermed møttest ein trufast gjeng til musikk og sosialt fellesskap kvar tysdagskveld. Veldig kjekt er det, og det er plass til mange fleire, så det er berre å bli med. Eldst no er Bjørgulv Eik på 78 og yngst Håvard S. Eik med 20. Bjørgulv har også vore med lengst – i 62 år!

75-årsdagen er fell på ein øvingsdag. Og sjølv om det er vinterferie og litt fråfall, vart jubileet i kveld feira med bursdagskake i skulen. Kjekt at det kan gjerast med ei viss optimisme i laget.

Gratulerer med dagen til Uskedal musikklag, med godt håp om eit aktivt lag også i framtida.

AvThor Inge Døssland



Uskedal Musikklag på sitt største. På dette jubileumsbiletet frå 1976 ser vi sitjande i fyrste rekkje frå venstre: Trygve Arnesen, Leif Ottar Tveito, Jan Morten Myklebust, Leif Arne Døssland, Inga Tveito, Sigurd Wang, Lars Wang, Anne Lise Musland, Berit Wang og Solveig Wang.

Andre rekkje ståande frå venstre: Trygve Fredheim, Harald Raudstein, Nina Børsheim, Ingeleiv Langballe, Bjørgulv Eik, Randi Haugland, Johannes Wang, Audun Eik, Ståle Eik og Sigmund Fredheim.

Tredje rekkje frå venstre: Lasse Yri, Eivind Stensletten, Arvid Døssland, Arne Terje Haugland, Svein A. Sunde, Bjørn Myklebust, Arnhild Myklebust og Einar Gjertsen.

Fjerde rekkje frå venstre: Arne Johannes Haugland, Kåre Guddal, Inger Johanne Rød, Jens Arnesen, Knut Stensletten, Gunvald Friheim, Lars Myklebust og Tørger Feet.

Bakerste rekkje frå venstre: Alfred Eidsvik, Nils Raudstein, Sverre Wang, Amanda Wang, Bård Ljosnes, Oskar Langballe, Asle Reime og Trygve Haugland.

Musikklaget var på sitt største på 1970-talet og det er 44 med på dette biletet frå 1976. (Foto frå jubileumsskriftet)